

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Inger Marie Jordal

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1655 - 19/19532

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
21.06.2019

Plangodkjenning - ny Alversund skule

Miljøretta helsevern skal i samband med bygging av ny Alversund skule gje samtykke til planar. Dette i samband med rettleier til «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» § 6.

Søknad om plangodkjenning er motteke den 14.06.19. Søknad inneheldt planteikningar av skulebygget og uteområdet med tilførselsveger (vår ref. 14/1655 – 19/18836).

Miljøretta helsevern har vurdert tilsendte planteikningar av inneareal og landskapsplan for uteområdet, samt vore på møter angåande inneareal og uteområde.

Skulen er berekna for 450 elevar. Driftstart er planlagt august 2021.

➤ Vurdering

Ut i frå søknad, tilsendte teikningar og møter vert det vurdert at nye Alversund skule tilfredsstillar krav gitt i «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.».

Skulen vil ha stort nok areal til 450 elevar i skulebygget. Grupperom vil vere tilgjengeleg for kvar klasse, og skulen vil inneha spesialrom. Store fellesareal og fleirbrukshall vil bli lagt til rette for elevane. Krav gitt i TEK 17 vil bli følgt.

Uteareal er oppgitt til 18 750 m².

«Skolers utearealer» (Helsedirektoratet: IS – 1130 frå 2003) anbefalar at skular over 300 elevar bør ha minimum 15 000 m² med eit tillegg på 25 m² for kvar elev over 300. For 450 elevar vil dette bli 18 750 m² som er oppgitt som skulens uteareal. Nye Alversund skule vil med dette ha tilfredsstillande uteareal.

➤ **Samtykke til planer**

Miljøretta helsevern samtykkjer til planane til nye Alversund skule, der det skal byggas eit nytt skulebygg for 450 elevar. Vurdering er utført etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*».

Nye Alversund skule må forholda seg til regelverk/anbefalingar som kjem frå myndigheiter som rører ved skulens oppvekst- og læringsmiljø for elevane.

Ei endeleg godkjenning av nye Alversund skule etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» vil bli gitt etter søknad når bygget er ferdigstilt. Vurdering om godkjenning skal utførast før oppstart.

Med helsing

Terese Folgerø
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hogne Haugsdal
Inger Marie Jordal
Kristin Moe
Ørjan Raknes Forthun